

Topp musikarar til Dønhaugkjellaren.

15.10.2016



Her får Trio de Janeiro velfortente roser på eit tidlegare besøk i Husnes Jazzklubb.

**Det vert nok ein humørfylt kveld med eggande latinamerikanske rytmar, når Husnes Jazzklubb inviterer til konsert i Dønhaugkjellaren fredag 21. oktober. Musikarane i Trio de Janeiro er det ypperste vi har å by på her i landet innanfor denne sjangeren.**

Trio de Janeiro vart stifta i 1988, og orginalbestninga er Tom Lund(gitar), Sveinung Hovensjø(bass og cavaquinho) og Anne-Marie Giørtz(song og shaker-egg). På Dønhaug er orgonalbestninga forsterka med to særdeles dyktige musikarar som ofte har opptrødd saman med dei: Tor Yttredal frå Stord på saxofonar og Stein Inge Brekkhus på trommer. Begge skikkelege storleikar innan jazzsjangeren!

Saman utgjer denne kvintetten eit glitrande live-band som med sin særeigne, slentrande eleganse formidlar det som vi kan kalla 'ein typisk brasiliansk aroma med rufsete sjarm og leikande omtrentlig nøyaktighet' heiter det i pressemeldinga.

Trio de Janeiro har tidlegare gjesta jazzklubben, og har mellom anna samarbeidd med Kammerskoret. Det vert alltid gode opplevelingar der dei opptrer, og dei dyktige musikarane evnar å formidla latinamerikansk varme sjølv på kalde haustkveldar. Som uskedelingar er vi svært heldige når Jazzklubben inviterer til ein slik konsert her i bygda. Dette er eit tilbod som mange musikkelskande kvinnheringar bør nyta seg av.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Husnes Jazzklubb.